



Hordaland Barne- og Ungdomsråd
Postboks 408 Sentrum
5805 BERGEN

Dato: 18.02.2016
Vår ref.: 2015/898-155
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Oppsummering etter møte med Hordaland barne- og ungdomsråd

Vi viser til brev frå Hordaland barne- og ungdomsråd (Hbur), datert 28.01.16, der styret i Hbur ber om grunngjeving vedrørende stor reduksjon av driftstilskotet til Hbur for 2016.

Med bakgrunn i brevet vart Hbur invitert til møte 17.02.16 på Fylkeshuset, 7.etg, for å diskutere innhaldet i nemnte brev. Tilstade på møtet var Per Morten Ekerhovd, Ronny Skaar, og Marianne Ose Askvik frå Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Frå Hbur deltok Øystein Rambjørg (styreleiar), Fredrik Henriksen (nestleiar), og Cathrine Langfjell Torsvik (organisasjonssekretær).

Hbur vart informert om budsjettsituasjonen på kulturfeltet i Hordaland fylkeskommune og budsjettvedtaket i Fylkestinget i desember 2015. Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett for 2015 vart gjort offentleg kjend i byrjinga av oktober og har vore til politisk handsaming i KIRU (Utval for kultur, idrett og regional utvikling), Fylkesutvalet og Fylkestinget. Det vart informert om at det ikkje mogleg å gjere endringar i vedtekne budsjett, slik det vart oppmoda om i brev frå Hbur.

Tidlegare har 10 % av fordelingssummen i ordninga *Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå*, vore inkludert i driftstilskotet til Hbur for å dekkje kostnadar Hbur har hatt i sitt arbeid om å bidra til opplysning av saka. Som fylkesrådmannen la inn i budsjettframlegget, og som vedteke i sak 95/2015 i Fylkestinget 9.12.2015, føreslo fylkesrådmannen å gjere ordninga sterkare knytt til medlemstal, formulere om tittelen på ordninga noko og å styrke aktivitet gjennom andre tilskotspostar. Det har vore sendt brev (02.02.16) til Hbur med informasjon om nye vedtekne retningslinjer for ordninga *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar*, der det m.a. vart nemnt at denne vil ha ei kvantitativ fordeling av driftsmidlane. Dette inneber at det ikkje lenger er behov for at Hordaland barne- og ungdomsråd bidreg til opplysning av saka i førebuingssfasen, jfr. forvaltningslova §17.

I fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett vart det påpeika at Hbur ikkje har halde ungdomskonferansen siste år. Hbur fekk 48 000 kroner i 2015 frå budsjettet for dette arbeidet. På møtet vart det nemnt frå Hbur at denne vert planlagt å gjennomføre i 2016 og er planlagt til å bli ei årleg hending.

Det er eit felles ønskje frå Hbur og Hordaland fylkeskommune å har meir kontakt, og det vart fremma forslag om at det vert lagt opp til kontaktmøte minst ein gong i året.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
Utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.